## Mykje folk og koseleg stemning på Lørdagscafè. 30.01.2016

Koseleg stemning rundt borda på Oska i dag.

**Praten gjekk lett og latteren sat laust blant gjestene på Lørdagscafèen på Oska i dag. Innimellom kunne vi høyra lett klirring av strikkepinnar. Viktig for den gode stemninga var utvilsomt aklle godsakene, både av salt og søtt, som Roy Lervåg serverte gjestene. Dette teiknar til at Uskedalen er i ferd med å få ein ny triveleg samlingsplass om laurdagane..**

Lørdagscafèen opna kl.12, og då eg var innom om lag halvannan time seinare, var det fullsett rundt mest alle borda. Lervåg var svært godt fornøgd med oppslutninga, og han serverte kaker, kaffi, ulike variantar av påsmurte blingsar og kyllingsuppe. I følgje uttalar frå gjester smaka det knallgodt. Og vi veit at god mat sikrar den gode stemninga.

Mange hadde fulgt oppfordringa om å ta med stikketøy og anna handarbeid, og desse fekk garn og målband i gåve frå Spar. Elles var borna opptatt med yatzy, kortspel og lego, medan gjester som ønskte det kunne kosa seg med aviser og blad. Mange er nok glad for at dette er eit tilbod som SmakifråOska skal ha kvar laurdag.

Søndag er det familiemiddag på Oska. Då fristar Roy Lervåg med salt lammebog med godt tilbehør og dessert.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland